



Synne Vefring

Saksnr. 26/109	Dok-ID 26/5773	Arkivkode FA-S11	Sakshandsamar JOF	Dato: 04.05.2026
-------------------	-------------------	---------------------	----------------------	---------------------

Vedtaksbrev: Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for reguleringa av Førde-Matre-vassdraga

Kommunestyret gjorde i møte 30.04.2026, sak 036/26, følgende vedtak:

Kommunestyre krev at det vert opna vilkårsrevisjon for reguleringane i Førde–Matre-vassdraga. Konkret vert kravet knytt til minstevassføring til vassdrag og fjordsystem som drenerer til Sognefjorden.

Med helsing

Jorunn Flæthe
politisk sekretær

Dette brevet er elektronisk godkjent og mangler av den grunn signatur



Saksnr. utval	Utval	Møtedato
23/26	Formannskap	21.04.2026
036/26	Kommunestyre	30.04.2026

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for reguleringa av Førde-Matre-vassdraga

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyre krev at det vert opna vilkårsrevisjon for reguleringane i Førde–Matre-vassdraga. Konkret vert kravet knytt til minstevassføring til vassdrag og fjordsystem som drenerer til Sognefjorden.

21.04.2026 Formannskap

Handsaming:

Einar Rysjedal (R) sette fram følgande tilleggsframlegg:

Det blir også stilt krav om meir stabil vassføring.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke
Framlegg frå Rysjedal: fall med 1 (R) mot 4 røyster

FS23/26 FRAMLEGG:

Kommunestyre krev at det vert opna vilkårsrevisjon for reguleringane i Førde–Matre-vassdraga. Konkret vert kravet knytt til minstevassføring til vassdrag og fjordsystem som drenerer til Sognefjorden.

30.04.2026 Kommunestyre

Handsaming:

Einar Rysjedal (R) sette fram følgande tilleggsframlegg:

Det må også vurderast å etablere meir stabile vassføringsforhold.

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke
Framlegg frå Rysjedal: fall med 5 (R, VIP og Fjeldsbø) mot 15 røyster

KS036/26 VEDTAK:

Kommunestyre krev at det vert opna vilkårsrevisjon for reguleringane i Førde–Matre-vassdraga. Konkret vert kravet knytt til minstevassføring til vassdrag og fjordsystem som drenerer til Sognefjorden.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke krav om vilkårsrevisjon for reguleringane i Førde–Matre-vassdraga. Krava er fremja av Sognefjorden Vel og Masfjorden kommune.

Sognefjorden Vel har peika på påverknaden reguleringane har på ferskvasstilførselen til Sognefjorden og dei økologiske effektane dette kan ha. Masfjorden kommune har særleg vektlagt behovet for å betre forholda for anadrom fisk i Matre- og Haugdalsvassdraga, samt andre allmenne interesser som flaumdemping og arealbruk.

NVE vurderer at dei innkomne krava har tilstrekkeleg relevans til å kunne ta stilling til om det skal opnast revisjon. I den samanheng har NVE bedt følgjande kommunar om å ta stilling til om dei ønskjer å fremje krav om vilkårsrevisjon:

- Alver kommune
- Høyanger kommune
- Gulen kommune
- Modalen kommune

Frist for å melde om kommunen ønskjer å fremje krav er sett til 1. mars 2026, medan frist for innsending av konkrete krav er 1. april 2026. Høyanger kommune har fått utsett frist til 30. april 2026.

Reguleringane i Førde–Matre-vassdraga er gjevne gjennom fleire konsesjonar i perioden 1953–1980:

- Erverv og regulering av Matre- og Haugsdalsvassdraga (1953)
- Regulering og overføring i Matrevassdraget (1964)
- Ytterlegare regulering og overføring i Matre- og Førdevassdraga (1969)
- Ytterlegare reguleringar (1980)

Desse konsesjonane utgjer til saman eit omfattande utbyggingssystem der vatn frå fleire nedbørsfelt vert samla og utnytta til kraftproduksjon i Matrevassdraget.

Særleg konsesjonen frå 1969 inneber overføring av vatn frå Førdevassdraget og tilgrensande område som naturleg har avløp til Sognefjorden. I Høyanger kommune gjeld dette mellom anna:

- Myrestølselva (Vassdalen)
- Bjordalselva
- Førdeelva
- Øystrebøelva
- Fleire mindre sidevassdrag

Matrevassdraget er i nasjonal gjennomgang av vilkårsrevisjonar plassert i høg prioriteringskategori, med vurdert stort potensial for miljøforbetring og avgrensa krafttap. I regional vassforvaltningsplan for Vestland er delar av vassdraget også omfatta av miljømål som kan krevje tiltak i vasskraftsektoren.

Vurdering

Reguleringane i Førde–Matre-vassdraga har over tid medført store endringar i det naturlege vassføringsregimet. Gjennom konsesjonane er vatn frå delar av nedbørsfelt som naturleg høyrer til Sognefjorden, overført til Matrevassdraget for kraftproduksjon. For Høyanger kommune inneber dette at ein vesentleg del av ferskvatnet som elles ville ha runne til fjorden, i dag vert ført bort frå naturleg avløp.

Etter administrasjonen si vurdering er dette eit sentralt forhold i saka. Vilårsrevisjon er nettopp meint å gi høve til å modernisere eldre konsesjonsvilkår i lys av dagens kunnskap, dagens miljømål og dagens forståing av samla belastning på naturmiljøet.

Tilstandsvurderingar i Vann-Nett viser at fleire av vassdraga i Høyanger som er omfatta av reguleringane, har miljøutfordringar. Dette gjeld m.a. Myrestølselva/Vassdalen der økologisk potensial er vurdert til dårleg, og det er registrert stor påverknad frå hydrologiske endringar utan minstevassføring som følgje av vasskraft. For Bjordalselva er økologisk potensial vurdert til moderat, og hydrologiske endringar knytte til vasskraft inngår som ein vesentleg del av påverknadsbildet. Øystrebøelva har moderat økologisk tilstand, også her med registrert påverknad frå hydrologiske endringar utan minstevassføring. Førdeelva på anadrom strekning har godt økologisk potensial, men òg her er hydrologiske endringar knytte til regulering registrert som påverknadsfaktor.

Administrasjonen meiner desse opplysningane samla viser at reguleringane har påverka vassføringa og miljøtilstanden i fleire delar av vassdragssystemet. Særleg er det viktig at manglande eller utilstrekkeleg minstevassføring er peika på som ein konkret påverknadsfaktor i fleire av vassførekomstane. Sjølv om påverknadsbildet varierer mellom dei ulike elvane, tilseier dette etter administrasjonen si vurdering at vilkåra bør vurderast på nytt.

Saka gjeld ikkje berre tilstanden i elvane, men også verknader for fjordsystemet. Ferskvassavrenning har betydning for lagdeling, oksygennivå, straumforhold, næringstilførsel og økologiske prosessar i fjorden. Når ferskvatn vert overført bort frå naturleg avløp, kan dette endre hydrologiske tilhøve i fjordområda som tidlegare fekk tilførsel frå vassdraget. Dette er særleg relevant for Ikjefjorden og Fuglsetfjorden.

For Ikjefjordenviser tilgjengelege data i Vann-Nett at økologisk tilstand er vurdert til moderat, medan kjemisk tilstand er vurdert til dårleg. Vidare er det peika på at fjorden har avgrensa naturleg vassutskifting som følgje av terskelforhold, og at ferskvatn er fråført fjorden gjennom regulering og overføring til Matrevassdraget. Etter administrasjonen si vurdering gjer dette Ikjefjorden særleg sårbar for endringar i tilførsler og eit varmare klima, og det er naturleg å sjå miljøtilstanden i fjorden i samheng med det endra vassføringsregimet i dei tilhøyrande vassdraga.

Regional vassforvaltningsplan for Vestland 2022–2027 legg til grunn at det skal arbeidast for å oppnå god økologisk tilstand i vassførekomstane, og at nødvendige tiltak skal vurderast der miljømåla ikkje er nådde eller står i fare for ikkje å bli nådde. Ein legg til grunn at desse føringane også må vektleggjast i vurderinga av revisjonskrav for Førde–Matre-vassdraga.

Det er etter administrasjonen si vurdering særleg grunn til å få vurdert om dagens vilkår i tilstrekkeleg grad tek omsyn til dei allmenne interessene på Høyangersida av reguleringssystemet. Dette gjeld både miljøtilstanden i elvane, omsynet til fjordmiljøet og behovet for å sjå samla belastning i eit heilskapleg perspektiv.

Konklusjon

Kommunedirektøren meiner at eit krav om vilårsrevisjon frå Høyanger kommune er godt grunngeve. Eit sentralt krav bør vere at det vert vurdert minstevassføring til Sognefjorden, slik at ein kan betre naturlege hydrologiske tilhøve og styrke økologiske funksjonar både i vassdrag og fjordsystem. I tillegg bør det vurderast om det er behov for andre tiltak som kan gi meir miljøtilpassa drift, herunder meir stabile vassføringsforhold og redusert negativ effekt av raske endringar i vassføring.

Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som tilstrekkeleg, og dei registrerte miljøutfordringane i både vassdrag og fjord gjer det nødvendig å få vurdert om eldre konsesjonsvilkår bør oppdaterast.